

Økonomi i mjølkeproduksjon med Sidet trønderfe og Vestlandsk fjordfe på Hammer

Vi ønsker her å sjå på økonomiske konsekvensar av rasevalg i mjølkeproduksjon på eit familiebruk. Gitt beskrankningar i grovfortilgang og fjøsplass, gjev Sidet trønderfe og nordlandsfe(STN) og Vestlandsk fjordfe(VFF) greit økonomisk bidrag samanlikna med NRF ?

Forutsetningar

Ein har gjerne 3 begrensningar i produksjonskapasiteten på mjølkebruk :

1. Grovfor mengde, antal daa fulldyrka areal og beiter
2. Mjølkekvote
3. Fjøsplass

Det er tatt utgangspunkt i produksjon på Hammer på Snåsa :

- 90 tonn kvote
- 170 daa fulldyrka og 60 daa innmarkbeite og utmark. Økologisk
- 22 bås plassar, av desse kan ein bruke 18-20 bås til vaksne kyr. Resten står til kviger som skal insemineres eller kviger som nærmar seg kalving og skal lære seg "rutinene" i mjølkefjøset. I praksis må det vera 1-2 bås plassar «til overs».
- Det er brukt avdrått på STN/VFF kyr på 5000 liter og 8000 liter for NRF. Dette er normal avdrått for hhv gamle raser og NRF, iflg statistikk frå kukontrollen.
- Andel kraftfor (berekna som % foreiningar av totale foreiningar) ligg på 24 % for STN/VFF og 40 % for NRF. Det er brukt kraftforpris kr 3,90,- pr kg for ikkje-økologisk og 6,00,- for økologisk drift. For avdrått og foring har vi brukt desse tala, da dei samsvarer bra med drifta på gardsbruk med same avdrått nivå.
- Tala er tatt inn i Tines kalkyleprogram og dekningsbidragskalkylene er utarbeidd av Gunnar Nossum ved Tine rådgivning avd Steinkjer

7 ulike,mulege driftsopplegg på same areal og fjøs

Med 20 bås som beskrankning, har ein valget ; NRF eller STN/VFF ? Iflg regelverket kan ein ha noko mindre bås plassar for småvokste kyr, og kunne dermed fått inn 2 mjølkebås plassar ekstra på Hammer, og kalkulert for 22 mjølkekyr i staden for 20 kyr, men her er altså brukt 20 kyr.

Skal ein sette inn meir høgtytande NRF, så kan ein i teorien bruke 20 bås plassar til kyrne, men det vil da bli for lite plass i bingane til ungdyr. NRF er betydeleg større, og i bingar blir det større plasskrav pr dyr. Difor er det brukt 18 kyr av NRF, som tilsvarar ein produksjon på 135 tonn. Dessutan går det noko meir grovfor pr ku, ca 10 % meir til høgtytande NRF (iflg dekningsbidragskalkyle frå Tine rådgivning), og ein vil allerede med 18 kyr vere på grensa for kor mykje grovforareal som trengs i ØKO-alternativet, der ein må rekne betydeleg lågare avling. Avlingsnivået er ikkje hensynstatt i nokon av alternativa ved overgang til ØKOlogisk (alternativ 5,6 og 7). Det er gått ut frå at det går greit å skaffe nok grovfor på 170 daa i alle alternativa.

Det er brukt 4 rekneeksempel frå fjøset på Hammer :

Eksempel 1 og 5 (ØKO) : 20 STN/VFF kyr. 90 tonn i kvote. Nær grensa for grovfor ved økologisk drift (eks.5).

Eksempel 2 og 6 (ØKO): 18 NRF kyr. 135 tonn i kvote. Nær grensa for grovfor ved økologisk drift (eks 6). Nyttar ut bås plassene og øker produksjon ved å øke kraftfordelingen (40 %)

Eksempel 3 og 7 (ØKO) : 12 NRF kyr. 90 tonn i kvote. Overskudd av grovfor, det er også overskudd på fjøsplass. Inntekt på alternativ utnytting av ledig fjøsplass og grovfor er ikkje medtatt i reknestykket.

Eksempel 4 : Ein auker avdråttan på STN/ VFF til 6000 liter pr ku. Kvoten må aukes til 103 tonn, men grovforarealet er akkurat tilstrekkeleg hvis det ikkje er økologisk drift.

	Alt 1 20 STN 90t	Alt 2 18 NRF 135 t	Alt 3 12 NRF 90t	Alt 4 19 STN 90 t 6000L	Alt 5 20 STN 90t ØKO	Alt 6 18 NRF 135 t ØKO	Alt 7 12 NRF 90 t ØKO
Dekningsbidrag*	936 523	1 023 828	747 487	958 000	1050317	1110564	805 311
Frakt av frau og for						-25 000	
Mjølkkvote		-55 000		-16 000		-55 000	
Fraukum		-35 000				-35 000	
DB – ekstra koSTN	936 523	933 828	747 487	942 000	1050317	995 564	805311

*Tall fra kalkyle Tine rådgivning avd Steinkjer v/ Gunnar Nossun. Dei andre tala er supplert av artikkelforfatter/ Urfe sa

Diskusjon, eksempel 1 og 5 : 20 STN/VFF kyr. 90 tonn i kvote.

I eksempel 1 er mjølkekvote på 90 tonn begrensande faktor. Her går det meir grovfor og beite, totalt om lag 75 000 Fem. I konvensjonell drift blir det da noko overskudd av grovfor, i økologisk opplegg er det berre akkurat nok grovfor.

Eksempel 1 og 5 (20 STN/VFF kyr, 90 tonn kvote) er dei driftsmåtane som kjem best ut økonomisk når ein reknar inn ekstra faste kostnader og driftskostnader.

Som nevnt i innleiinga, kunne ein hatt inntil 22 årskyr av STN/ VFF ved å sette inn to ekstra mjølkebåsplassar, som faktisk er ei moglegheit ved bruk av småvokste STN/VFF kyr. Det vil gje ein produksjon på 100 tonn og auke dekningsbidraget med 90 000,- på mjølkekyrne, men ein ville få utfordring med kapasiteten på binger og måtte selge eller slakte ungdyr i litt lågare alder. På økoalternativet (eksempel 4) ville det blitt for lite grovfor og ein ville måtte leie jord, kjøpe for eller auke kraftformengene. Det er ikkje rekna på.

Diskusjon, eksempel 2 og 6 : 18 NRF kyr. 135 tonn i kvote.

Ein har grovfor og fjøsplass til 18 NRF kyr i eksempel 2. Med 18 NRF og mjølkeyting på 8000 L kunne ein produsere ca 135 tonn. Som i eksempel 1 og 5, kjem ein opp mot grensa for om det er nok grovfor ved økologisk drift.

Med god grovforkvalitet kunne ein også produsere mellom 100 og 135 tonn på 18 mjølkebåsar med lågare kraftfor andel på NRF. Det ville krevd større grovformengde, og dermed større areal og ein viss andel leid jord, i hvert fall ved ØKO drift. Konsekvensen ville blitt høgare arealtilkudd, men meir kostnad til frakt av for og drift av leiejord, og i tillegg truleg eit «sprang» i faste kostnadar og vedlikehald på ein større maskinpark. Det er ikkje rekna på.

I eksempel 2 og 6 må ein rekne med kvotekjøp til ein pris på minst 15,- kr pr liter. Det vil utgjera 675 000,- kr i desse eksempla. Me har her brukt nedbetalingstid på 15 år. Med dagens rentefot kan ein rekne med årlege utlegg til renter og avdrag på rundt 55 000,- kr i eksempel 2 og 6.

Me antek at større og meir høgtytande kyr med høgare forppptak skit meir enn mindre og moderat ytande kyr. Her antek me at frauproduksjonen er proporsjonal med totale foreiningar. På Hammer er frau kapasiteten fullt utnytta med produksjon på 90 tonn mjølk. Skal ein legge til grunn produksjon på 135 tonn i eksempel 2 og 6, så må ein også rekne med investering i nytt gjødsellager. Ein betongkum kjem på minst 4-500 tusen i dag. Me snakkar da om årlege utlegg på rundt 30-50 tusen hvis me reknar med å forrente investeringa ila. 15 år.

På Hammer er også spreiearealet begrensande, i hvertfall i økologisk drift. Ved auka fraumengd, så må ein rekne med kostnadar på å flytte frau lenger unna, evt til eksternt lager. Me snakkar fort om ein ekstra årleg kostnad på 15-30 000,- kr.

Diskusjon, Eksempel 3 og 7 : 12 NRF kyr. 90 tonn i kvote.

I alternativ 3 og 7 med berre 12 NRF kyr, blir det overskudd på både grovfor og fjøsplass sjølv om ein leverer 90 tonn mjølk. Vi ser at dette alternativet kjem klart dårlegare ut enn dei to andre alternativa, der ein utnyttar båsplass og kvote fullt ut (alternativ 1) og båsplass og grovfor fullt ut, men må kjøpe ekstra kvote (alternativ 2). Men så er det også mindre arbeidskrevande med 12 kyr enn 18 eller 20. Ein har også moglegheit for alternativ utnytting. Når det er overskudd på grovfor og fjøsplass, kan ein enten selge for, dyrke litt korn for modning eller fore opp oksar eller andre foringsdyr. Ingen av desse alternativa er rekna på.

Ein kunne også drive produksjon på NRF meir ekstensivt, med lågare kraftfor andel enn 40 % i alternativ 3. Ein kunne godt produsere 90 tonn på 14 eller 15 kyr redusere kraftforbruken og auke grovforopptaket med redusert avdrått pr ku, innafor eit grovforareal på 170 daa. Dette er heller ikkje rekna på.

Diskusjon, eksempel 4 : 19 STN/VFF kyr. 90 tonn i kvote, høgare avdrått

Vi veit at det er stor skilnad i avdrått på STN/VFF kyr, med variasjon frå 3000-8000 liter. I Sverige finst besetningar av Fjellko (same som STN) med avdrått i gjennomsnitt på 7000 liter og enkeltkyr oppi 10 000 L ! Det er skilnad i genmaterialet, men også veldig stor skilnad i driftsopplegg, og spesielt foring. Vi har fleire eksempel på bønder med kyr av gamle rasar med ytelse på meir enn 6000 liter. 6000 liter pr år i gjennomsnitt er fullt muleg, også i mellomintensive driftsopplegg. Dette er også tatt inn for å vise potensialet. Her blir forforbruket litt høgare enn med 5000 liter avdrått, derfor er det her rekna på 19 kyr. Frau kapasiteten held akkurat, men ein får ekstra utlegg til kjøp av mjølkekvote på 13 000 liter ekstra. Vi ser at dekningsbidraget er marginalt høgare enn ved 5000 liter i avdrått, og kjem best ut av alle unntatt økologisk. Her er brukt 32 % kraftfor andel, som tilsvarar rundt 29 kg kr for pr 100 kg EKM. Vi har opplysningar om ein dyktig bonde med Vestlandsk fjordfe og Sidet

trønderfe og nordlandsfe med 6 200 liter i snitt mjølkeyting og med kun 16-18 kg kraftfor pr 100 kg EKM !

Konklusjon

På Hammer gjev det like god eller noko betre økonomi å bruke gamle raser. Med NRF auker dekningsbidraget med hhv. 88 000/ 60 000,- (hhv ikkje øko og øko) men dette forsvinn i kvotekjøp og auka kostnader i handtering av frau.

Legg me inn tilskott og ekstra mjølkepris for økologisk mjølk, og også ekstra forkostnader, så går reknestykket enda meir i favør dei gamle rasane. Det er nok fleire grunnar til at såpass som kring 20-30 % av mjølkebruka med gamle raser driv økologisk. Økologisk drift lønner seg best med låg kraftfor andel, da den økologiske kraftforprisen er oppi nesten 6,- kr pr kg, mens kraftforprisen ellers ligg på underkant 4,- kr pr kg. Da er det ønskeleg med høgare andel grovfor og beite, og det passar STN og VFF rasene veldig bra. Økologisk drift gjev betre økonomisk utteljing i alle alternativa, men er også meir arbeidskrevande.

Mange bruk med gamle raser forer mjølkekyrne på kulturbeite og naturbeite (forskjellige former for overflatedyrka beite) og utmarksbeite, som gjev atskillig mindre foreiningar pr daa enn fulldyrka eng. Kyr av landraser produserer forholdsvis bra på beite, også på meir lågproduktive beiter. Ein digresjon ; to uavhengige forskningsarbeid har konkludert med at STN og VFF har anna beitemønster enn NRF. Begge studiene viser at kyrne av landraser beiter meir lauv og urter enn NRF, og at forskjellen i valg av beiteplanter er størst på lågproduktive beiter (lågt antall foreiningar pr daa, kulturbeiter og utmark) (Bolette Bele og Nina Sæther, begge NIBIO).

Som oppsummering kan vi seie at høg grovfor/ beiteandel, lite kraftforkostnad og høgare tilskudd kan forklare dei brukbare økonomiske resultatata med STN/VFF, på tross av lågare avdrått men med bra foringseffektivitet.

Når er det aktuelt å sette inn gamle raser ? Nokre eksempel :

- Begrensa kvote, men mykje grovfor og beite, ledig fjøsplass. Gamle raser kan produsere kvota og nytte ut beiter, auke kjøttproduksjon, litt mindre mjølk, meir tilskudd
- Gammalt fjøs som passar best for mindre dyr
- Har for lite grovfor (f.eks v opphør av leieavtaler på areal) – sette inn ku som et mindre og mjølker mindre (alternativ kan vere meir kraftfor, høgare avdrått på NRF)
- Hvis ein vurderer å auke produksjonen gir det ofte eit sprang i faste kostnader (slik føregåande kalkyle eksempel viser) ved investeringsbehov. Alternativet kan vere å halde fram med ein noko mindre produksjon og unngå eller utsette investeringar
- Ein kan godt kombinere NRF og landraser og ha blanda besetning. Det kan vere ein fornuftig måte å justere produksjonen på for å optimalisere produksjon ifht grovfor, beiter og kvote